



Arkivnr: 2016/9267-1

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.16
Fylkestinget		04.10.16

## Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2016

### Samandrag

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar. Denne saka gjeld slik regulering etter tariffoppgjeret for 2016.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,4 % pr. 1. mai 2016 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 890 000,-.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,4 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 09.09.2016**

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

KS har gjeve følgjande oversyn over det sentrale oppgjeret for KS-området i 2016:

Overheng til 2016	0,6 %
Anslag for lønsglidning i 2016	0,2 %
Sentrale tillegg pr. 01.05.2016	1,6 %
<u>Berekna årslønsvekst 2015 – 2016</u>	<u>2,4 %</u>

At årslønsveksten er 2,4 % vil seie at gjennomsnittsløna i heile KS-området vert 2,4 % høgare i 2016 enn i 2015. Ein skil mellom årslønsvekst - som er auken i gjennomsnittsløna frå eit år til det neste - og datolønsveksten, som er det tillegget som vert gjeve ein bestemt dato.

Fylkesrådmannen foreslår at ein legg til grunn den berekna årslønsveksten for tillegget i godtgjerslesatsane, og gjer framlegg om eit tillegg i godtgjerslesatsane på 2,4 % frå 1. mai 2016.

Utrekningsgrunnlaget vert auka frå kr 868 500 til kr 890 000 (avrunda oppover til heile tusen).

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert også auka med 2,4 % frå 1. mai 2016.